

## Referat frå regionmøte

Møtet vart halde på Vertshuset Sinclair i Kvam, 16. januar 2014.

Styreleiar Håkon Gjelstad hadde eit biluhell på turen til møtet og måtte melda forfall. Sekretær Pål Kjørstad leia møtet og orienterte om saker frå OSG, om rovviltsaker og svara på spørsmål.

Anna Ulmo skreiv referat.

Medlem av valgnemnda, Ola Masseng Sylte, orienterte frå valgnemnda.

Desse møtte:

Namn	Lag, tillitsverv
Pål Kjørstad	Oppland Sau og Geit, sekretær
Anna Ulmo	Oppland Sau og Geit, styremedlem
Anne Kari Veikleenget	Nord-Fron Sau og Geit, leiar
Ola Masseng Sylte	Oppland Sau og Geit, valgnemnda
Endre Amundgård	Lesja Sau og Geit, varamedlem
Geir Halvor Vedum	Øyer-Tretten Sau og Geit, leiar
Synnøve Høijord	Vågå Sau og Geit, leiar
Øyvind Myhrsveen	Fåvang Sau og Geit, leiar
Tor-Håkon Berget	Ringebu Sau og Geit, kasserar
Lars Ole Auglestad	Sør-Fron Sau og Geit, leiar
Lill Ingun Killi	Dovre Sau og Geit, leiar
Hans Magne Killi	Dovre Sau og Geit, kasserar
Frans Fuchs	Heidal Sau og Geit, leiar
Berit Leine Kaltoft	Gausdal Sau og Geit, leiar

### Sakliste:

- 1. Åpning, namneoppnop og velkome

Sekretær i OSG Pål Kjørstad åpna møtet. Han innleidde med å seia at hovudmålet med møtet for fylkeslaget var å få tilbakemeldingar frå lokallaga. Fylkeslaget kan lett informera nedover til lokallag, og gjer det med mailer, rundskriv og nettside. Innspel frå lokallag kjem, men ikkje frå så mange som vi ynskjer.

- 2. Saker frå lokallaga

Kvart frammøtt lokallag fekk tid til eit innlegg om aktivitetane sine.

**Sel Sau og Geit: Aktivitetar som før. Nye unge medlemmar.**

**Nord-Fron Sau og Geit: 60 medlemmar, medlemsfest 1. mars i Skåbu, der Sør-Fron Sau og Geit var invitert. Vanlege kåringsarrangement med link til Fårikålfestivalen i Ringebru. Rovdyrfokus denne sommaren der mange vart hardt ramma. Laget utlyste «skotpremie» for den som felte fyrste rovdyret som det var gjeve fellingsløyve på. Leiaren i Nord-Fron Sau og Geit vart meldt til politiet og fekk 23. desember bot for «brotet» på kr. 15.000,- Leiaren har nekta å betala og ventar på rettsak.**

**Lesja Sau og Geit: Liten aktivitet. Beitesamlaget har teke seg av rovviltproblema.**

**Øyer Sau og Geit: Vår møte før lamming med fagleg påfyll – 40 deltakarar. Store tap til freda rovvilt, samarbeid beitelag og skadefellingslag lyfta problema inn i kommunestyret. Revisjon av beitebruksplan, jervbås aktivisert, god erfaring med rovviltkontaktar.**

**Gausdal Sau og Geit: God og stor aktivitet/oppslutning. Tradisjonell fest saman med Fåberg Sau og Geit. Vår møte med veterinærkontoret og representant frå Mattilsynet – tema blant anna «sjølvmedisinering». Mykje problem med laushundar – utfordring å spreia kunnskap. Har sett opp plakatar i samarbeid med Marie Skavnes. Rovdyrangrep i form av ulv i mai – store tap for dei som hadde sleppt sau. Stort og godt kåringsarrangement saman med Fåberg. Haustmøte saman med Fåberg bl.a. med Hans Hjelstuen som innleiar.**

**Heidal Sau og Geit: Dårleg aktivitet, men stabilt medlemstal.**

**Dovre Sau og Geit: 31 medlemmar, 3 sluttar og 1 ny – aukande sauetal. Dugnad på ull-levering og godt fram møte på årsmøtet. Organisering av becquerel-målinga og ettersanking for beitelaga. Kåringsarrangement, store tap til rovvilt (12%!), 2 jervebåser i drift og synest det er ei stor utfordring å samarbeida med SNO. Problem med å få rovviltkontaktar til å rykke ut på ferske kadaver, sjølv om beitebrukarar server med koordinatar. Ekstra belastning på toppen av rovvildangrepa. Landbrukssjefen får ekstra skryt for engasjementet. Frustrert over tidsavgrensinga i fellingsløyva.**

**Sør-Fron Sau og Geit: Fjøsbesøk, brev til veterinærane med spørsmål/klage over pulpanyre-vaksineringa. Ull-innsamling i mars og i juni(?), sauefestinvitasjon frå N-Fron, kåringsarrangement på Rudi – Fårikålfestivalen i Ringebru, rovviltutfordring. Meiner det er forskjellsbehandling mellom grisebesetning og sauebesetning i forhold til sjølvmedisinering. Saueklippekurs hos leiaren.**

**Ringebru Sau og Geit: Lite aktivitet, men nokre få gjer alt. Vår møte, haustmøte og fjøsmøte saman med Fåvang Sau og Geit. Støtte og hjelp til Fårikålfestivalen i Ringebru. Rovdyr – spesielt med bjørneangrep.**

**Fåvang Sau og Geit: Fin heimeside, godt miljø, god aktivitet og stabil medlemsmasse. Vår møte, haustmøte og fjøsmøte/besøk saman med Ringebru Sau og Geit. Nye brukarar/medlemmar får ekstra omsorg. Kåringa lagt til sentrum i Fåvang – vellykka.**

Saueklipparkurs med 10 deltakarar. Fårikålfestivalen i Ringebru – samarbeidsprosjekt i utvikling. Håp om å få inn NM i saueklipping og NM i gjetarhund. Semin med fersksæd nedprioritert – ikkje sæd å få tak i søndag 1. desember – dyr frakt.

Vågå Sau og Geit: 81 medlemmar, e-postadresser er samla inn for alle som har, dårleg økonomi. Møte med rovviltkontaktar og kurs i bruk av GPS. Kåring på Klones inkludert sauepub og sauebingo. Ull-innsamling og årsmøte med godt oppslutning og fest etterpå.

- **3. Innspel til jordbruksforhandlingane 2014**

Innleiing og info ved Pål.

Vedum: Utfordring med kostnadsauke – dieselavgifta eit ran! Må vera meir forutsigbart, håp i rovviltforvaltninga?

Masseng Sylte: Kunnskapsmangel, eks. Trellevik. Kven skal ta politikarane i skule?

Amundgård: Meir støtte til elektronisk overvaking – positivt med findmysheep.

Problem med tilskotet vedrørende slaktesøyer og påsettlam.

Auglestad: Dyrkingstilskot til nytt areal. Ein del dyrkamark vert drive dårleg.

- **4. Orientering fra valnemnda**

Ola Masseng Sylte frå valnemnda orienterte. Han sa at valget i år var spesielt og viktig for organisasjonen da det vert så stor utskifting, og at Arnfinn Beito frå Øystre Slidre var ein aktuell kandidat. Valgkomiteen hadde fått inn nokre innspel frå før.

Innspel på møtet:

Øyvind Myhrsveen: Forslag på Øyvind Krogsveen som geiterepresentant i styret.

Synnøve Høijord: Forslag på Anders Svare inn i styre/styreleiar.

Endre Amundgård: Forslag på Ellen Marie Sørungård Syse frå Lesja – positiv og aktiv.

- **5. Saker frå fylkeslaget – spørsmål/diskusjon.**

Pål Kjørstad orienterte frå fylkeslaget og om rovviltsaker, jmf. vedlagt pdf-dokument, og svara på spørsmål som kom opp.

Ola Masseng Sylte tok opp at sauebesetningar, som er kontaktbesetningar til sanerte geitebesetningar, har vorte blodprøvesjekka mot bl.a. byllesjuke. Prøvesvar frå laboratoriet i Norge gav ein del positive på prøvene, men etter ein runde i Nederland ser det ut til at prøvene likevel og heldigvis var negative.

Berit Leine Kaltoft etterlyste meir stoff, kunnskap og engasjement rundt gjerdehald i inn- og utmark.

Frans Fuchs etterlyste opplysningar om elektronisk overvaking.

Kvam, 16/1 2014, Anna Ulmo, innført på data av Pål Kjørstad, sekretær